



Møt e r e f e r a t

Møte: Påskemøte for velforeiningane
Møteleiar: Jon Rolf Næss
Referent: Eirik Birkeland
Kopi:

Møtedato: 13.04.2022 Tid: 09:00-11:00
Møtestad: Hovden Grendehus
Referat dato: 20.04.2022

Til stade:

Frå Bykle kommune:
Jon Rolf Næss – ordførar
Tone Lise Avdal - varaordførar
Hans Blattmann – leiar planutval
Signe Sollien Haugå – plansjef
Eirik Birkeland – tenesteleiar Teknisk drift- og eigedom
Ina Kjøstvedt – næringsssjef
Ole Birger Lien - kommunikasjonsrådgjevar

Andre:

Unn Hovden – dagleg leiar Destinasjon Hovden
Torvald Gautland – dagleg leiar BNU/Badeland/Hovden Løypekøyring/BHV m.m
Heidi Sørensen – leiar for Kristiansand Røde kors hjelpekorps.
Jan Willy Føreland – leiar ressursgruppa for velforeiningane

1. Innleiing

Ordførar innleia påskemøtet og informerte om opplegg og agenda.

2. Politisk informasjon v/ordførar

Ordførar informerte om prosess rundt strategisk næringsplan som er eit treffpunkt mellom politikk, administrasjon og næringsliv for å setje kommunens næringsliv på agendaen og for å lage eit rammeverk for vidare arbeid med dette.

Ny plansjef Ina Kjøstvedt blei presentert.

Det blei også opplyst om arbeidet på riksveg 9 og planar for gul stripe til Hovden og prosessen vidare.

I tillegg opplyste ordførar om Tour of Norway og Color Line tour som er to sykkelritt som høvesvis har start og målgang på Hovden 27. og 28. mai. Ritta kan føre til ulemper for dei

som nyttar riksvegen desse dagane. Hovden sentrum vil også vere stengt i samband med ritta, og omkøyning vil bli skilta.

3. Orientering frå administrasjonen v/plansjef

Plansjef Signe Sollien Haugå orienterar om planarbeid og andre saker på vegne av kommunedirektør.

Kommunens beredskap for påskeveka er bra. To legar er på vakt heile påska i Bykle og Valle. Info om dette er lagt ut på heimesida.

Ny kommunikasjonsrådgjevar Ole Birger Lien blei presentert. Han skal mellom anna jobbe for å forbetre kommunikasjonen frå kommunen og få meir nyheiter ut på nett og media.

Ein informerte også om status for Hovdenut-prosjektet der kommunen satsar på å få bygga ferdig rundløype i år. Det er også planar om dagsturhytte på toppen. Parkering i samband med løypa kan bli ei utfordring. Det jobbast med løysing på dette framover.

Plansjefen opplyste også om trafikksikringsplan og nærmiljøtiltak i Hovden Sentrum. Mellom anna vil skilting i sentrum oppdaterast. Ein undersøker også moglegheiter for betre parkeringsløysing på Hegni og avkøyrsel til brannstasjon. I samband med dette blei også leiar planutval Hans Blattmann presentert.

Coworx har etablert kontorlokale på Hovdetun. Her kan hyttebyklarar og andre besøkande leie arbeidsplassar og cellekontor. Vert for Coworx på Hovden er Reidar Jordtveit.

4. Orientering rundt reguleringsplanar v/plansjef

Det arbeidast ein god del med planar i midtregionen, men også i Badstogdalen og noko rundt alpinsenteret på Hovden.

Ved Hovden Aust der ein arbeidar med fortetting i hyttefelt er det krevande å finne gode løysingar som også ivaretar interesser til noverande hytteeigarar.

Det pågår også arbeid med ein stor reguleringsplan ved kryss Skisentervegen/Breivevegen der ein har planar om å regulere inn næringsbygg og fritidsbustadar. Plan forventast ferdig no i vår.

Det er også arbeid med nye reguleringsplanar ved Hovdestøylen.

5. Andre viktige saker v/plansjef

Det arbeidast med ny rundkøyering ved Hotellkrysset. Denne er for augeblikket under prosjektering og ein planleggar med planfrie kryssingar for både fotgjengarar og skiløyper. Etter planen er denne ferdig i løpet av hausten.

Det har vore grunneigarmøter i samband med løypeavtalar. Ein begynte på Hovden, så midtregionen og vidare Bykle. Dei fleste grunneigarane er nøgde.

Frå hyttebyklarar kjem det stadig ønskjer om nye løyper. Kommunen ønskjer å legge til rette for dette, men må også tenkje på driftskostnadar og andre omsyn i samband med dette.

Spørsmål frå salen:

- *Det er eit ønskje om skikulvert under RV9 og bru over Otra for å binde saman Nordli/Vidsyn/Ørnefjell. Arbeidast det noko med dette?*
Svar: Det er regulert inn overgang over RV9. Det er også prosjektert bru over Otra, men det er ikkje midlar til denne pr. no.
- *Arbeidast det noko med bruforbinding frå Fjellstoga til Vidmyr?*
Svar: Det er ikkje nokon nye planar om dette foreløpig.
- *Hartevassstrondi velforeining lurar på status for gang/sykkelveg frå Badstogdalen til Hegni.*
Svar: Det arbeidast med forstudie for å finne ut av korleis side av vegen denne skal leggest.

6. Vatn og avlaup v/tenesteleiar Teknisk drift- og eigedom.

Tenesteleiar Eirik Birkeland informerte om årets VA-prosjekter og noko annan VA-info.

Hovden Vassverk som er årets store prosjekt forventast ferdig september i år. Etter det kjem ein innkøyringsperiode. Drikkevatnet er det same som før men ein får betrakteleg auka kapasitet.

Høgdebasseng Hovden er ferdig. Dette har auka magasinkapasiteten på Hovden.

Det arbeidast også med nokon mindre prosjekter som rehabilitering av leidningsnett Nedre Sarv i Bykle, ny vassleidning til barnehagen på Hovden og ny avlaupsleidning frå Otrosåsen til Hegni.

I slutten av 2022 eller starten av 2023 startar planlegging/prosjektering av arbeid med oppdimensjonering av leidningar frå Børtemannsbekken til Hotellkrysset. Dette kan påverke hyttefeltet i dette område noko.

Elles opplyser tenesteleiar om at Hovudplan VA er revidert i oktober i fjor. Denne inneheld tiltak med 5- og 10-års perspektiv. Det skal også takast ein resipientundersøking av Hartevatn. Tidlegare undersøkingar visar gode forhold og ein forventar det same no.

Spørsmål frå salen:

- *Veit ein noko om kva aukinga av kommunale avgifter blir i samband med utbygginga av nytt vassverk?*

Svar: Ein har ikkje nøyaktige tall på dette no, men ein forventar ikkje ein større auking enn prisindeksen.

7. Løypekøyring v/Torvald Gautland

Dagleg leiar for Hovden løypekøyring opplyser om ei hektisk tid etter 2 vintre med pandemi.

Det var ein utfordrande start på sesongen med lite snø, slik at ein måtte ta grep og køyre på med kunstsno.

Ein er godt i gang med planlegging av utbetring av løypar. Eit langsiktig mål er at vinterløypar også skal fungere som sommarløypar.

Prioriteringsliste over løyparbeid blei vist.

Det arbeidast elles med nytt turkart for Bykle og Hovden med nye namn og nummererte løyper.

Ein oppfordrar også hyttevela til å informere sine medlemmar om viktigheita av løypebidraga. For augeblikket er dette på 800 kr.

Det blei også vist ein oversikt over løyper med utfordringar i samband med oppkøyring. Dette kan vere på grunn av reinsdyr eller på grunn av lite snø/steinar som kan øydelegge maskinane.

Spørsmål frå salen:

- *Skal løypebidrag frå dei bestemte områda nyttast til tiltak i dei områda det betalast frå?*

Svar: Løypebidraga går inn i fond som kommunen disponerer fritt innanfor løypearbeid.

- *Steinsland hyttevev lurar på status for adaptiv løype frå Nylund til Berdalen. Er prøveperiode for denne slutt?*

Svar: Løypa er vanskeleg å køyre grunna stubbar, steinar og andre ting som kan øydelegge maskinane. Vidareføring av løypa skal vurderast i møte mellom kommunen og fylke.

- *Det kjem oppfordring frå salen om at ein nyttar scooter til å køyre løypene i skuldresesongane når det er lite snø. Dette har vore ein positiv oppleving i år.*

- *Nylund hyttevev lurar på kor stor prosentdel av løypebudsjett som kjem frå løypebidrag.*

Svar: Det er omtrentleg ein tredjedel eller ein fjerdedel.

8. Informasjon frå Destinasjon Hovden v/Unn Hovden

Dagleg leiar i Destinasjon Hovden informerer om omorganisering i 2021 og kva som er fokuset til Destinasjon Hovden.

Hovudfokus framover blir drift av turistkontor, vertskapsfunksjon, fellesgodeutvikling, innhaldsproduksjon og arrangement.

Marknadsføring er trekt ut og overtatt av næringa sjølve.

Ein ønskjer ein enkel, heilheitleg og tydeleg kommunikasjon og prioritering av samhandling. Det er eit mål at lokalbefolkninga skal vere positive til reisenæringa og oppleve turismen som moglegheit og ikkje trussel.

Det fokuserast også på organisering av sti og løypetilbod og daglege oppdateringar av snø- og skirapport.

Spørsmål frå salen:

- *Galteflotti-løypa. Denne er ikkje på kartet, bør den vere det?*

Svar: Denne blir i utgangspunktet ikkje køyrt opp før etter Hovden Tour, men det skal vurderast om denne skal inn på kartet framover.

9. Informasjon om Fjellredningsgruppa v/Torvald Gautland

Fjellredningsgruppa er ein ideell organisasjon som kommunen støtter med noko midlar. Ein har ein del oppdrag, og medlemmar i gruppa opplever arbeidet som givande.

Det er 10 medlemmar, der dei fleste også er i brannvesenet. Gruppa nyttar egne scooterar og er lokalisert på brannstasjonen på Hovden.
Det er også eit godt samarbeid med Raude kors.

Spørsmål frå salen:

- *Er scooterane merka?*

Svar: Ein har på seg vestar som er merka på ryggen.

10. Informasjon frå Raude kors v/Heidi Sørensen

Heidi Sørensen informerte om Raude kors og at dei skal vere på vakt i påsken fram til 2.påskedag.

Ein nyttar ikkje den gamle hytta lengre, men lånar midlertidig hytta av kommunen ved sida av busstasjonen.

Ny hytte er under planlegging ved Dagparkering Sør. Denne blir med 20 sengeplassar og garasjeanlegg.

Raude kors takkar for bidrag i samband med panteboksane som er plassera ut i dei forskjellige hyttevela.

11. Informasjon frå Planutval v/leiar Hans Blattmann

Det opplyst om stor aktivitet i planutvalet.

Ein er nøye på arbeidsfordeling mellom administrasjon og politikare, men ein jobbar også tett saman for å finne gode løysingar.

Det ønskast innspel på planar som leggst ut for høyring. Ein er avhengig av desse innspela og andre gode idear.

Det er også stort fokus på trafiksikkerheit i Hovden Sentrum og arbeid med tiltak i samband med dette.

Spørsmål frå salen:

- *Hyttevela ønskjer å vere meir involvert i planprosessar frå starten av. Ein har sakna dette i tidlegare prosessar.*

Svar: Aktuelle velforeiningar som ein ser på som parter i konkrete reguleringsplanar blir varsla skriftleg.

Andre planprosessar som kommuneplan og temaplanar blir på lik linje med vanlege innbyggjarar, at ein må følgje med på kunngjeringar/annonsering (det tilskrivast ikkje enkeltpersonar/partar).

I enkelte prosjekt, til dømes sti- og løypeprosjekt kan det vere aktuelt å drøfte

sakar med ressursgruppa.

- *Fjellparken opplever problem med omsyn til parkering i samband med Hovdenutstien og ønskjer å samarbeide om mogleg løysing her. Dei vil elles diskutere å sette opp bom på årsmøtet.*

12. Informasjon frå Ressursgruppa v/Jan Willy Føreland

Ressursgruppa skal vere ein stemme frå alle hytteveitil til kommunen.

Det er viktig å forstå betydninga av hyttefolket og reiselivet. Kva hadde Bykle vore utan hyttane.

Det er også eit viktig fokusområde framover med eit meir samanhengande løypenett som kan nyttast både sommar og vinter, og også når det er lite snø.

Denne holdninga har også kommunen og ein opplever eit godt samarbeid og ein god dialog.

Også Ressursgruppa oppfordrar til å betale løypebidrag.

13. Open post/spørsmål

- *Er det aktuelt å få skibussen tilbake?*

Svar: Unn Hovden opplyser om at dette er vurdert men næringa sjølv har konkludert med eit så lite behov at ein ordnar dette sjølv med minibussar osv.

- *Kva er prosessen rundt bestemming av base for luftambulanse/redningshelikopter?*

Svar: Ordførar opplyser om at base i Setesdal pr. no er nedprioritert av nasjonale myndigheiter, men at det jobbast med enda.

- *Bommar i hytteveitila blei diskutert. Ein opplever lite tjuveri i hytteområda. Ved bruk av bommar er det viktig at brannvesenet er oppdatert ved ny bom eller andre endringar.*

Hovden 20.04.2022

Eirik Birkeland

Tenesteleiar Teknisk drift- og eigedom